



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Sektor helse og omsorg	Pia Charlotte Aarsand Syversen
	Arkivnr.: 15/799	Klassering:

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Lindås kommune vert sendt ut på høyring. Høyringsfrist 16.05.17.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast av Levekårsutvalet

Bakgrunn

Stortinget vedtok 13. juni 2016 lovendringar i pasient- og brukerrrettighetsloven og helse- og omsorgstjenesteloven om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særleg lagt til rette for heildøgns tenester – kriterium og ventelister. Det kjem fram av loven at pasientar eller brukarar har rett til eit slikt opphald dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste kommunale tilbodet som kan sikre pasienten og brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Kommunen er pålagt å utarbeide ei kommunal forskrift med kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad lagt til rette for heildøgns tenester. Forskrifta skal omfatte pasientar og brukarar som vil vere best tent med langtidsopphald, men der kommunen vurderer at vedkommande med forsvarlege tenester frå kommunen kan bu heime medan dei ventar på langtidsopphald. Pasientar og brukarar som oppfyller kommunens kriterium, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime medan dei venter på langtidsopphald, skal ha rett på vedtak som inneber at vedkommande er kvalifisert for langtidsopphald og skal settes på venteliste. Ny § 3-2 a fjerde ledd i helse- og omsorgstjenesteloven pålegg kommunane å føre ventelister over pasientar eller brukarar som ventar på langtidsopphald. Forskrifta skal tre i kraft 1. juli 2017.

Vurdering

Forskrifta skal gi føreseielegheit for dei som søker om langtidsplass og dei som står på venteliste. Den einskilde skal få naudsynste og forsvarlege tenester ut i frå den vurderinga som kommunen gjer av kvar einskild søker.

Rådmannen har etablert ei prosjektgruppe som har arbeidd med å utarbeide forslag til kommunal forskrift. Prosjektgruppa har hatt fokus på at forskrifta skal ta høgde for heilskapsbildet kring pasientane og ulikskap i behova. Det er sett på dagens praksis og forskrifta vil ikkje føre til ei ending i dagens praksis om tildeling av langtidsplass. Føring av venteliste vil utgjere ein ny praksis for kommunen.

Prosjektmandatet har vore oppe i Levekårsutvalet og i Eldrerådet. Eldrerådet har vore referansegruppe saman med brukarråd for sjukeheimstenesta og einingsleiarar og avdelingsleiarar for sjukeheims- og heimetenesta.

.....

Vedlagte saksdokument:

Forslag til Forskrift Lindås kommune. (9). 30.03.17	162606	10.04.2017
---	--------	------------

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost